



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2071 - 17/2355

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
22.02.2017

Svar på sluttrapport forvaltningskontroll landbruk

Det vert vist til sluttrapport dagsett 17.januar 2017 etter forvaltningskontroll 2.desember 2016.

Kontrollen omhandla kommunen sin forvaltning av :

- Nybygging og ombygging av landbruksvegar
- Tilskot til skogkultur
- Utbetaling frå skogfond
- Tilskot til skogsvegar

Det var ingen funn knytta til landbruksvegar. Det var eit funn knytta til skogfond og tilskot til skogkultur (NMSK) og eit funn knytta til manglande retningsliner for bruk av NMSK – midlane.

Funn 1

Radøy kommune har journalført alle søknadene på eit felles saksnummer kvart år. Fylkesmannen oppmoder kommunen om å endre arkivpraksisen slik at kvar søknad får eige saksnummer i høve offentleg innsyn. Nokre av søknadene og handsaminga er unnateke offentlegheit. Radøy kommune må endre rutine for journalføring av sakene om skogfond og tilskot til skogkultur, jfr Lov om offentleg arkiv og Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd.

Radøy kommune sitt tiltak for å rette på funn/avvik :

Sakshandsamar og arkivpersonell er orientert om funnet og om naudsynt endring av praksis. Radøy kommune rettar praksis i tråd med oppmodinga.

Funn 2

Radøy kommune må utarbeide retningslinjer for bruk av midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, jfr Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket §3.

Radøy kommune sitt tiltak for å rette på funn/avvik :

Radøy kommune utarbeider retningslinjer for bruk av midlar til nærings- og miljøtiltak i skogsbruket. Retningslinjer skal vere godkjent av landbruksfagrådet innan 1.juni 2017

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andreas Granli
Jarle Landås
Lisbeth Toppe Alvær

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN